

# ÅRSMELDING FOR BUL MOLDE 2009

(Frå 01.11.08 til 31.10.09)

## STYRET:

Styret er samansett av arbeidsutvalet og ein medlem frå hyttenemnda.

**Arbeidsutvalet:** Leiar: Lars Staurset  
Kirsten Aure  
Noralv Bell  
Bente Myklebust  
Vara: Torill Steien

Arbeidsutvalets mandat har vore å halde i gang leikøvingane på Reknes Ungdomshus.

**Styremedlem:** Sylvfest Bell frå hyttenemnda

**Revisorar:** Arild Jacobsen og Bente Dyrnes Aarø  
- **personlege varamedl:** Frøydis Austigard og Atle Bell

**Rekneskapsførar:** Arild Horrstad

**Valnemnd:** Randi Reppe Bell og Anne Karin Heggem

**Møte:** 1 årsmøte den 10.12.08  
3 styremøte: 10.12.08, 4.5.09, 31.8.09  
2 møte i arbeidsutvalet: 24.11.08 og 12.10.09

Laget vart registrert i Brønnøysundregistra i desember 2008.  
Organisasjonsnummer er 993 469 467.

## Aktivitetar dette året:

### Leikøvingar haust 2008:

Det var 5 øvingar i november – desember 2008.

18.11. inviterte Rauma Leikarring til øving med Rauma Spelmannslag. 15 gjester frå Sylte/Malme, Lyngstad og BUL Molde deltok.

23.11. var mange frå BUL med på fellesøving hos Sylte / Malme leikarring

**Leikøvingar vår 2009:** Det var 14 ordinære leikøvingar i vårsemesteret.

Rauma leikarring inviterte andre lag den 17. februar. 5 medlemmer frå BUL deltok.

BUL inviterte andre lag og Rauma Spelmannslag den 15. april. Det kom 13 spelemenn og 31 dansarar. Flott musikk og mykje god dans.

17. juni var det ekstraøving for dei som skulle delta på Nordleik 2009.

### Nordleik 2009.

Nordleik 2009 vart arrangert i Lahti, Finland frå 30.juni til 5. juli. BUL deltok med ei gruppe dansarar frå leikarringane i Sylte og Malme, Lyngstad, Rauma og BUL Molde.

BUL sto for påmelding og kontakt med NU. Deltakarane arrangerte reise og overnatting sjølve. Heile gruppa var på 16 deltakarar. Av desse var 11 medlemmer i BUL Molde.

Samdansprogrammet og Finsk Menuett vart øvd inn før stemnet.

**Leikøvingar haust 2009:** Det vart arrangert 7 leikøvingar i september – oktober. Vi inviterte gjester til øvinga den 28. oktober. Dansarar frå Rauma og Tingvoll gjesta oss og 14-15 par førte til sers lange rekker.

Sylte og Malme leikarring arrangerte fest i samband med Gunnar Rødal sin 75-årsdag.

Leikarringen ønska å heidre danseinstruktør med framsyning og inviterte andre dansevenner til å vere med. 10.oktober var det ekstraøving på Vonheim – før den store dagen.

14. oktober feira Gunnar sitt jubileum og same dag fekk han Kongens fortensmedalje. Sylte og Malme, Lyngstad og BUL Molde hadde framsyning. Det var 9 deltakarar frå BUL.

AU inviterte til hyttehelg 17. – 18. oktober. Mest for å dele bilete og opplevingar frå Nordleik 2009, men og for å repetere finske dansar. Det var få påmeldte og AU valde å avlyse arrangementet på hytta og flytte mimrekvelden til Farstadbakken.

Frammøte på vanlege leikøvingar har vore 15 - 20 dansarar. Øvingstida er frå kl. 19.30 til kl 22.00. Styret har bestemt at alle skal betale 20 kr i ”kaffepengar”.

#### **Andre aktivitetar:**

- Sal av Jul i Romsdal hausten 2008. 30stk.
- Bygdaliv: Nettsida har blitt oppdatert i etterkant av dei fleste leikøvingane og gir eit godt bilete av aktivitetane både i og utanom laget. E-post vert sendt til ca. 70 kontaktpersonar før semesterstart, årsmøte og andre viktige hendingar.
- Framsyning på Romsdalsmuseet 23. mars for turistar. 8 dansarar. Britt Elise Skram var spelemann.
- Vervekampanje for nye dansarar, med plakatar m.m. i september 2009
- Nybegynnarkurs 16.09.09. Torill Steien og Lars Staurset var instruktørar. Kurset var meint å skulle gå over 6 kveldar, men vart avlyst etter den første kvelden pga få deltakarar.
- Førebuing / påmelding til Isleik 2010 er i gang.
- Dugnadsarbeid på Reknes ungdomshus og BUL-hytta.

#### **Utsettingar / deltakarar frå BUL på andre arrangement.**

- 1.11.08 arrangerte Romsdal spelemannslag folkemusikkpub på Romsdalsmuseet. Mange BUL-medlemmer sette pris på aktiviteten og møtte fram til god musikk og dans.
- 10.januar 2009 feira Lyngstad UL 100-årsjubileum. BUL-medlemmer gjesta jubilaranten.
- 9 BUL-medlemmer deltok på dansekveld på Åndalsnes 24. januar. Framsyning saman med Rauma leikarring.
- Årsmøte i Romsdal Ungdomssamlag 14. mars. Bente Myklebust var utsetting frå BUL.
- 1.-3. mai. Rørosleken. 2 deltakarar frå BUL.
- 10. juni. Generalforsamling i Reknes ungdomshus. Styret i BUL møtte.
- 30. juni til 5. juli: 11 dansarar på Nordleik 2009.

**Instruktør dette året har vore:** Irene Møllersen Bell

Dei aktive medlemmane er flinke til å møte på øvingane. Øvingane er prega av høgt aktivitetsnivå og god stemning.

**Medlemstal:**

Pr 31.10.08 hadde BUL Molde 46 medlemmar.

Arbeidsinnsatsen i hyttenemnda, arbeidsutvalet, dugnadene og leikøvingane tilsvarar 120 dagsverk.

Arbeidsutvalet rettar ein stor takk til alle for det frivillige arbeidet som vert lagt ned i samband med drift, øvingar og tilstellingar.

Lars Staurset

Bente Myklebust

Noralv Bell

Kirsten Aure